



RYDDETUR: Eit par gonger for året reiser alle tilsette knytt til museumssenteret i Salhus på tur for å ta i eit tak på eit prosjekt. Onsdag var dei i Eknesvågen. Der kvinna i kvitt står er det at folkemusikar Arne Bjørndal skal ha blitt fødd. Det store raude huset, er den tidlegare butikken på dampskipskai.

“Blåtur” med ryddedugnad

EKNESVÅGEN: Museumssenteret sin teambuilding gav eit løft for Eknesvågen onsdag.

ATLE VAAGE
atle@nordhordland.no

Kring tretti personar er knytt til museumssenteret i Salhus. Desse er spreidd utover, fordelt på sju avdelingar. Eit par gonger for året reiser dei difor på utedag, for å arbeida saman, kosa seg med god mat og bli betre kjende.

Best bevarte

–Her i Nordhordland finst jo

ikkje noko eige museum, når vi skulle hit fall valet difor på Eknesvågen. Det er både på grunn av den store entusiasmen som finst her, og fordi vågen her er ein spesiell stad. Miljøet her er no det beste dampskipskai-miljøet som er att i Nordhordland, seier Arild Sætre frå museumssenteret.

Levande stad

Han synest og Eknesvågen er spesiell fordi det er ein levande stad i dag.

–Enkelte meiner området vert litt skjemt av fabrikkken som ligg ovanfor kaia her. Eg er ikkje samd. Tvert om gjer den meir

området pedagogisk interessant, fordi vi kan sjå heile utviklinga. Vi har tommer frå 1600 talet i eit av nausta, det som var dampskipsmiljøet og ein moderne plastbåtprodusent like ovanfor kaia. Det er facinerande, seier Sætre.

Bjørndal sin fødestad

Saman med omlag 15 frå museumssenteret, jobba og ein del av medlemmane i Eknesvågens venner. Deltakarane vart delt i grupper, der ei gruppe reiv stillaskaien som har stått rundt butikken, ei gruppe rydda rundt huset på skjæret og ei gruppe rydda kratt og småskog i Eknes-

klubben friluftsområde. Her forsøker ein mellom anna å få betre fram grunnane etter huset kor sofa seier at den kjende felespelearen Arne Bjørndal vart fødd i 1882. Bjørndal var både folkemusikar, kulturhistoriar og forfattar, og er rekna mellom dei viktigaste innan norsk folkemusikk.

– Friområdet er veldig flott, og på sikt håpar vi å få gjort meir her. Vi ser for oss nokre steinmurar og kanskje eit amfi. Området kunne mellom anna eigna seg godt til konsertar, seier Gunnar Eide frå Eknesvågens venner.

På bålet eller til museet

I husa på kaia er det samla svært

mykje frå tidlegare tider. Under dugnaden onsdag vart det og tid for ei skikkeleg opprydding innandørs. Mykje var gammalt og av liten interesse, og vart brent på bålet. Men ein del gjenstandar vart teke vare på, og frakta til museumssenteret i Salhus for å bli lagra der. I husa fann ein og massevis av gamle aviser, tidskrift og magasin. Også desse er no tekne vare på for ettertida.

– Vi er veldig glade for den støtta museumssenteret heile tida har gitt oss, og for innsatsen dei gjer her i dag. Takka vera denne dagen får vi gjort ein heil masse kort tid, seier Gunnar Eide til Nh.



SORTERING: Husa inneheldt mange gamle ting, dei vart sortert og sendt anten til bosshaugen eller til museet.



STORKOSAR SEG: Direktør Atle Martinussen riv stillaset som har stått rundt butikken. Tydeleg å sjå at alle tilsette set pris på utedagen.



PÅ BÅLET: Litt av kvart gjekk på bålet onsdag, sjølvsgatt under kontrollerte forhold.